

nr. 5 - 2013

PIRION

- kulturavis for barnehagar og skular

- Eg er her oppe - oppe i det
høgaste slottet

EI EKTE FANTASIVERD

- Me ynskjer å dra barn inn i ei
fantasiverd der dei blir kjende
med Rasmus Løland si forteljing,
seier Anette Opheim og Kjersti
Moe ved Ryfylkemuseet i Ryfylke.

AV: JUDITH SØRHUS LITLHAMAR

FOTO: ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND

EI EKTE FANTASIVERD

Føremålet med utstillinga *Kvitebjørnen* er å skape ei interaktiv utstilling for barn ut frå Rasmus Løland si forteljing *Kvitebjørnen*. Dette var eit prosjekt som blei sett i gang i samband med Rasmus Løland-mærkinga frå 2007 til 2011. Utstillinga er inspirert av arbeidsmåten til *Fyr-tøyet*, som er barneavdelinga i H.C. Andersens hus i Odense, og har som mål å formidle god litteratur til barn samstundes som barna sjølve vert inviterte til å delta i den skapande forteljarprosessen. Målgruppa til utstillinga er born frå 3 til 10 år.

- Utstillinga skal invitere til interaktivitet og stimulere mange sansar. Barna skal lære gjennom leiken, og me håper dei tek med seg denne leikande læremåten tilbake til barnehagen, seier Moe og Opheim.

Gjer historia levande

- Vi som har hatt opplegget, har vore på forteljarkurs med Anne Elisebeth Skogen og gjer oss derfor nytte av forteljarteknikkar som skal gjere historia meir levande for barna. Her er nøkkelen at ein ikkje må gjere for mykje ut av det; ei enkel handrørsle som illustrerer snø, eller eit blikk opp mot ein tenkt måne er meir verknadsfullt enn å bruke veldige handrørsler for å illustrere det same. Det må verke ekte og ikkje tilgjort. Når det gjeld barnehagebarn, kan det vere krevjande å halde på merksemda, seier dei to, som jobbar som formidlarar ved museet.

Særleg meiner dei dette er tilfelle sidan barna er til stades i ei utstilling med kostymer, ein tunell ein kan gå i gjennom, eit tårn ein kan klatre i, kongler å leike med, teikneark og ein flott spegelsal. Ein måte å samle merksemda til barna på er å få dei til å sette seg inni *Kvitebjørnen*, som er ein uthola isbjørn med benker i. Etter dei har sett seg til rette, kjem formidlarar inn med eit lite lys i handa for å skape ei spesiell



Anette Opheim og Kjersti Moe ved Ryfylkemuseet i Ryfylke.



- Ei krone kan vere alt som skal til for at barnet er heilt inne i si eiga fantasiverd.



stemning, fortel Moe og Opheim.

- På den måten håper me at dei fortset forteljinga på eiga hand ved å leike at dei er karakterane i forteljinga. Me håper at kombinasjonen av forteljarstund og ei interaktiv utstilling av det som nettopp har blitt fortalt, kan stimulere til ei djupare forståing enn det ein kan oppnå gjennom ei forteljarstund åleine.

Fleksibel formidling

Mange besøkjer også utstillinga utan å høyre forteljinga i det heile. Formidlarane er sikre på at eventyr-sjangeren med troll og prinsesser er noko barna er så kjende med frå før, at dei fint kan lage eigne historier. Dei meiner det er lurt å ta føre seg noko som barna kjenner frå før, og som dei kan byggje ny kunnskap på.

- Noko som òg bør nemnast, er at ein i arbeidet med barn aldri veit korleis det blir. Dei kan bruke utstillinga på heilt andre måtar enn me hadde tenkt, og har ikkje dei same grensene som vaksne folk, som er styrde av dei reglane som samfunnet har kasta på oss. Barna tør å sleppe seg lause. Sjølv om dette er veldig kjekt for oss formidlarar å sjå,

kan det også vere ei utfordring når barna ikkje gjer slik me hadde tenkt. Det som kan fungere for ei barnehagegruppe, fungerer kanskje ikkje for ei anna gruppe. Då må me vere fleksible og spontane for å kunne møte dei behova dei ulike gruppene har.

Skal utfordre kreativiteten

- Har de tips til barnehagar som gjerne vil gjere noko liknande?

- Hugs at barn lærer gjennom leik, og ta dette på alvor slik Rasmus Løland gjorde. Det er viktig å lage opplegg der dei får utforske og tenkje sjølve framfor å bli lærte kva dei skal tenkje. Me må utfordre kreativiteten deira.

- Som nemnd er det viktig å gjere temaet aktuelt for barna. Viktige spørsmål kan då vere: Korleis kan ein knyte temaet til den barnekulturen dei er ein del av? Kva er barnehagebarna opptekne av? Kva er viktig i deira lokalmiljø?

- De har laga eit undervisningsopplegg knytt til utstillinga. Korleis kan barnehagane nytte seg av det?

- Etter at barna har fått høyre *Kvitebjørnen*-forteljinga av ein

formidlar, tek den same formidlarar barna med rundt i utstillinga og stiller dei spørsmål kring forteljing og utstilling for å kople saman dei to elementa. Dette klarer barn godt på eiga hand også, men det er fint å få ein liten dialog med barna før dei går vidare til å leike på eiga hand, slik at me som formidlarar får høyre kva dei har fått med seg av forteljinga.

- Når det gjeld leiking på eiga hand, hender det at barnehagane bruker lang tid, og dette synest me er veldig kjekt, for det må bety at dei kosar seg veldig med utstillinga. Særleg populært er det å kle seg ut. Dette er eit verkemiddel som lett kan brukast av barnehagar. Det å kle seg ut ser ut til å vere ein av dei mest effektive måtane ein kan sette seg inn i ei anna rolle og eit anna univers på.

Kan brukast lokalt

For å stimulere til undring og skaparkraft hjå barna har museet laga eit hefte der barnehagane kan hente inspirasjon og idear til aktivitetar og opplegg ein kan nytte.

- Opplegga byggjer på rammeplanen og dei ulike fagområda



HVA VILLE DYRENE HATT SOM JOBB ?

Av : Haakon Lie
Cappelen 2013

Dette er ei fantastisk rik biletbok, med eit mangfold av figurar, fargar og opplevingar. Kva ville dyra arbeidd med dersom også dei skulle utdanne seg og finne seg arbeid?

Det er jo logisk at krokodillen kunne vore fiskar, at katten kunne vore nattevakt sidan han ser så godt i mørkeret, og at kenguruen kan vore lengdehoppar.

Denne boka tek oss med ut i eit eige univers, der dyra jobbar som konge, utkikksmann og livreddar. Kanskje er ikkje avstanden mellom røynda og dette universet så stor? Dyra har alle viktige roller – og mange av dei liknar på jobbar me menneske har.

Dei unge lesarane vil oppdage at også dyreriket fungerer aller best når alle er ulike og har ulike roller og arbeidsoppgåver.

Fargane er sterke og detaljane mange i boka. Det gjer lesaropplevinga god og variert.

Ikkje rart at forfattaren lét dyra få ferie på badestranda til slutt i boka – utanom dovendyret då, som aldri har arbeidd ein einaste dag.

Forfattaren Haakon Lie har studert formgjevingsfag på vidaregåande skule og illustrasjon på Noregs kreative fagskule. Dette er debutboka hans.

Judith Sørhus Litlehamar

- Barn kan bruke utstillinga på heilt andre måtar enn me hadde tenkt, og har ikkje dei same grensene som vaksne folk.

Ei gruppe med barn frå Imsland barnehage i 5-6 års alderen vitjar Ryfylkemuseet på Sand i Ryfylke. Det tek ikkje lang tid for borna å koma inn i leiken med klede og scenografi å boltra seg i.

for barnehagane, men dei gjev også uttrykk for dei ideane som Rasmus Løland var oppteken av, og som me ønskjer å bringe vidare. Løland sine barneforteljingar er sterkt knytte til den naturen og det miljøet som han har teke utgangspunkt i, og som me har snakka om, er det nære sjølvstakt viktig for barn i dag også. Alle aktivitetane i heftet er derfor knytte opp mot naturen og det nærmiljøet som barna veks opp i. Igjen er det snakk om å ta barna på alvor ved å la dei lære gjennom leiken, fortel Moe og Opheim.

- Dette er eit hefte me håpar barnehagane kjem til å gjere seg nytte av, og det er laga på ein slik måte at barna ikkje må ha vore på utstillinga på førehand. Dette betyr at barnehagane som kjem til oss, kan få med seg dette heftet og bruke det til alle barna i barnehagen uavhengig av om dei har vore på utstillinga. På denne måten håpar me å kunne spreie Løland



- Tips til barnehagar som ynskjer å arbeide med forteljing og drama:



- Det enkle er ofte det beste. Du kan få veldig mykje ut av små handrørsler. Barna har ein veldig fantasi, noko som gjer at det er lett å dra dei med. Det gjeld berre å sleppe seg laus saman med barna, for dei kan dette betre enn vaksne. Ei krone kan vere alt som skal til for at barnet er heilt inne i si eiga fantasiverd.



BARNEHAGEN MED DEI GODE FORTELJINGANE

Det er så kjekt når dei vaksne fortel i barnehagen, det er så kjekt som det høgaste talet som finst, heilt opp til 10-talet! – jente på 4 år

I Småfolk barnehage har me «barnehagen med dei gode forteljingane» som visjon, og me har arbeidd med forteljing systematisk over fleire år. Når me får slike tilbakemeldingar som frå denne jenta, så er det svært viktig at me har eit godt pedagogisk fokus på dette med forteljing og kulturformidling, og at me i barnehagar prioriterer kompetanseheving på området.

Forteljinga har vore ein del av den norske kulturarven i alle år, og me som vaksne har eit ansvar for at denne kulturarven blir gjord levande i barnehagen.

Korleis levandegjer me dette, og korleis skapar me engasjerte forteljarar?

Oppskrifta er enkel, og verktøyet har alle lett tilgjengeleg: seg sjølv!

Me vaksne gjer ofte ting vanskelegare enn det dei er, og tenker at ting må vere nøye planlagde, at ein må overgå seg sjølv i kreativitet og spontani-

tet, at ein må vere dramatisk. Men det er ikkje naudsynt! Borna blir glade for det enkle, dei blir like glade for det tradisjonelle som for det utradisjonelle, dei blir glade for det kreative, men mest av alt blir dei glade for at du gir av tida di! At du anten kan setje deg ned med ei bok og lese høgt, eller kan fortelje frå når du var lita! Born er eit levande og lydhøyrte publikum som fortener gode forteljingar av engasjerte vaksne!

I rammeplanen for barnehagar er dette med kultur nedfelt som eit eige fagområde. Der heiter det blant anna at «barnehagen må gi barn høve til å oppleve kunst og kultur og til sjøve å uttrykkje seg estetisk. Å vere saman om kulturelle opplevingar og gjere eller skape noko felles, bidreg til samhøyrslse.»

Å bringe forteljing inn i livet til våre barn gjennom bøker, eventyr, segner m.m. er særst viktig i dag når borna får sine inntrykk gjennom tv og data. Her blir dei servert forteljingar utan å måtte tenke og fantasere sjølv. Men les du ei bok høgt for borna, må dei bruke si kreative tenking til sjølv å skape bilete ut frå teksten dei høyrer. Denne kreative tenkinga og fantasiskapinga er noko verdifullt borna alltid vil få bruk for. Det er òg med på å styrke språket og den sosiale kompetansen, og er ein styrke for fellesskapet generelt. Å samlast rundt ei bok kjennest godt både for store og små

Eg oppfordrar difor alle til å fortelja gode forteljingar til borna kvar dag!



ANETTE LAUREID
HOVDA, EIGAR OG
DAGLEG LEIAR AV
SMÅFOLK BARNEHAGE

for deg som jobbar med barn

facebook/pirion @avisapirion

www.pirion.no

Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

PiRion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no